



Styre
Universitetsstyret

Arkivreferanse
2025/13405
Styresak
21/26

Dokumentdato
04.03.2026
Møtedato
12.03.2026

ORIENTERINGSSAK

Satsinga Førsteårstudenten

Tilvising til bakgrunnsdokument

- [Styresak 85/25, Budsjett for Universitetet i Bergen 2026](#)
- [Styresak 102/25, Gjennomføring i studiene](#)
- [Styresak 3/26, Økonomirapport 2025](#)
- [Utdanningsutvalet sak 5/25, Midlar til kvalitetsutvikling 2025-2029](#)

Saka gjeld

Universitetet har over fleire år arbeidd systematisk med fråfall og tala for gjennomføring har blitt betre dei siste åra. Arbeidet viser at det er eit særleg potensial i å redusere fråfallet og styrke gjennomføringa i studentane sitt første studieår. Om færre fell frå i starten av studia, syner tala at det er fleire som gjennomfører heile graden. Satsinga på Førsteårsstudenten er viktig strategisk for UiB. Styret har i tidlegare saker løfta fram utfordringa og har i samband med budsjettet løyva midlar til satsinga. Målet med satsinga er at nye studentar blir godt inkluderte i fagmiljøa, meistarar studia sine, og fullfører med eit godt læringsutbyte.

Denne saka gjer greie for satsinga, korleis midla skal disponerast, og kva for andre tiltak universitetet gjer.

Forslag til vedtak

Universitetsstyret tar saka til orientering.

Tore Tungodden
Universitetsdirektør

04.03.2026/Knut Knapskog/Christen Soleim (avdelingsdirektør)

Saksframstilling

Styre
Universitetsstyret

Styresak
21/26

Møtedato
12.03.2026

Satsinga Førsteårstudenten

Innleiing

UiB sine utdanningar er forskingsbaserte: Det er aktive forskarar som underviser studentane, og innhald, metodar og form er kopla på kunnskapsutviklinga. UiB driv utdanning over ei stor fagleg breidde, og i stort rekrutterer UiB godt til studieprogramma. Likevel fell for mange studentar frå studia. Høgt fråfall og låg gjennomføring verkar negativt inn på læringsmiljøet og studiekvaliteten. Fråfall rammar hovudsakleg studentane, men også dei økonomiske rammene til fagmiljøa – og universitetet.

Styret blei i sak 102/25 om gjennomføring i studia orientert om statusen for gjennomføring og fråfall i studia ved universitetet. Saka viser at det første studieåret er ein kritisk fase, særleg på bachelorstudia. For desse studentane var fråfallet for 2024-25-kullet 25 prosent på institusjonsnivå. Tiltak som betrar utdanningskvalitet, trivsel og meistring for studentane vil derfor ha størst effekt tidleg i studia, og vil kunne styrke læringsutbyttet og progresjonen til studentane.

Styret har løyva midlar til satsinga Førsteårstudenten i to omgangar. Først i budsjett-saka i fjor (sak 85/25) og ein monaleg auke i førre møte (sak 3/26).

Grunngiving og innretting

Gjennomføring i studieprogramma, med ein særleg innsats mot førsteårstudentar, er eit satsingsområde og ei klar prioritering for rektoratet og for universitetet i heilskap. Strategien til Universitetet i Bergen, *Kunnskap som former samfunnet*, trekk fram ambisjonar og aktivitetar for å sikre trivselen til studentane, for at dei skal lukkast i studia sine, og for å sikre eit læringsmiljø som er inkluderande og bidrar til sosial mobilitet. Gjennomføring har også vore tema i etatsstyringsdialogen med Kunnskapsdepartementet.

Det overordna målet med satsinga på førsteårstudenten er å styrke kvaliteten i utdanningane slik at nye studentar blir inkluderte i gode læringsmiljø, meistrar faga og fullfører studia med eit solid læringsutbyte.

Korleis vi underviser og vurderer studentane sitt arbeid verkar inn på både læringsmiljø, prestasjonane til studentane og læringsutbyttet. På tvers av fagfelt viser læringsforskning at aktive læringsformer aukar det faglege utbyttet og hindrar fråfall i emna, jamført med tradisjonelle førelesingar. Det er også godt underbygd at tilbakemeldingar (formativ vurdering) er viktige for læringa til studentane. Endringar i vurderingsformer frå store slutteksamenar til meir varierte vurderingsformer kan også ha positiv effekt på både faglege prestasjonar, så vel som på inkludering og mangfald. Utviklinga innan nye teknologiar endrar læringsprosessane og gir fagmiljøa både nye moglegheiter og utfordringar særleg knytt til vurdering og eksamen.

Satsinga på førsteårstudenten har fleire viktige innsatsområde. Mellom anna blir det arbeidd med å styrke gjennomføringa i første studieår og kvalitet i opptaket av studentar for å sikre at studieplassane blir fylte.

Innføring av nye læringsteknologiar for å følgje studentane betre opp, utvikling av eit mangfaldig og godt læringsmiljø og gode læringsareal, samt utvikling av kompetanse på KI for studentar og undervisarar, er andre døme på innsatsområde. Satsinga vil bli utvikla vidare i nær dialog med fakulteta og fagmiljøa.

Pilotering av nye tiltak retta mot undervisning, vurdering og læringsmiljø, er ei viktig del av satsinga. . Pilotprosjekta skal både vere kunnskapsbaserte og gjere det mogleg å prøve ut nye tiltak for å betre utdanningskvaliteten og dermed gjennomføringa. I dette ligg det også ei klar forventning og ambisjon om at erfaringane skal delast på tvers av fagmiljø (og fakultet).

«Midlar til kvalitetsutvikling» skal disponerast for å bidra til betre gjennomføring, prosessen fram mot tildeling, kva for rettleiing og støtte som blir gitt i den samanhengen, og ambisjonane for arbeidet. Det har vore viktig å etablere eit system som sikrar god rettleiing for dei potensielle søkarane, å sikre at alle prosjektsøknader får tilbakemelding med forbettringspunkt, og at støttefunksjonar for vidareutvikling blir integrerte. Det er også av stor tyding at resultata og erfaringane som blir gjort i fagmiljøa, mellom anna i samband med tildelingar, blir delte og at det finst arenaer som er tilpassa dette.

Midlar til kvalitetsutvikling

Utlysinga

Midlar til kvalitetsutvikling blei lyst ut til fakulteta i slutten av februar. Utlysinga omfattar midla som er løyva til satsinga Førsteårstudenten, og andre midlar sett av til utvikling av utdanningskvalitet. Utlysinga er delt i tre, der fagmiljøa kan søke til høvesvis:

- Små prosjekt/forprosjekt knytt til satsinga Førsteårstudenten,
- Pilotprosjekt knytt til satsinga Førsteårstudenten og
- Andre prosjekt knytt til kvalitetsarbeid i utdanning.

Dei tre utlysingane er innretta for ulike ambisjonsnivå og skal gi grunnlag for utvikling over tid. Det er dessutan ein ambisjon om at midlane til kvalitetsutvikling kan fungere som springbrett for nasjonale og internasjonale støtteordningar. Det er derfor lagt inn prosjektkriterium som er vanlege i nasjonale og internasjonale utlysingar med tilpassing til dei ulike prosjekttypene.

Utlysinga tar utgangspunkt i kvalitetsomgrepet i universitetet sitt kvalitetssystem for utdanning, og har felles kriterium som legg vekt på tiltak som aktiviserer studentane i læringsarbeidet, sikre studentmedverknad, fremje kollegialt samarbeid om utdanning, og syte for kunnskapsbaserte tilnærmingar og fagtilpassing.

Prosess og sakshandsaming

Opplegget for sakshandsaminga er lagt opp for å sikre ei mest mogleg uavhengig og fagleg sterk vurdering, i tråd med kvalitetskriteria. Søknadene skal først til ein vurderingskomité som skal vurdere kvaliteten i prosjektet, og tildelinga blir deretter vedtekne av utdanningsutvalet.

Komitéen sitt mandat er å vurdere søknadene ut frå kvalitetskriteria i utlysingane, inkludert i kva grad dei er oppfylte. Komitéen skal gi søkarane tilbakemeldingar i tråd med sine vurderingar. Slik kan ordninga legge til rette for forbetring av prosjekta sjølv utan tildeling.

Kollegial deling av erfaring og kunnskap frå utviklingsprosjekt

Viktig kompetanseheving skjer i møte mellom kollegaer som deler erfaringar og får tilbakemelding på eigen praksis. Det finst eit potensiale i å bruke universitetet sine faste, utval og møtearenaer meir aktivt for å fasilitere erfaringsdeling mellom fagmiljø.

Etter kvart som fagmiljøa som er tildelt Midlar til kvalitetsutvikling skaffar seg kunnskap og erfaringar, må desse bli delte breitt. Vi legg opp til at dei seminara, konferansane og møteplassane som finst i dag og som er retta mot utdanning skal brukast til dette føremålet.

Det kan også vere aktuelt med nye møteplassar for utdanningsleiarar og studieleiarar for å dele erfaringar, der ein mellom anna kan dele innsikt frå utviklingsprosjekt. Styrkinga av delingskulturen på universitetet om erfaringar i undervising er derfor ein ambisjon.

Kommentarane til universitetsdirektøren

Satsinga på førsteårsstudenten er svært viktig for UiB. Satsinga er forankra i strategien og svarer på fleire av dei viktigaste utfordringane for universitetet si utdanningsverksemd i åra som kommer. Dette gjeld utvikling av ein god og rett dimensjonert studieportefølje, utvikling av kvalitet i studieprogram og emne, reduksjon i fråfall, og betre inkludering og mangfald i læringsmiljøa.

Dei pilotane som er sette i gang og vil bli sette i gang framover, vil bidra til fleire av desse måla. Dette vil også bidra til å styrke universitetet sine inntekter. Styret har prioritert satsinga i budsjettet i fleire rundar, og det blir viktig å følgje pilotane og resultata frå dei og sikre god erfaringsdeling på tvers av fakultet og fagmiljø.

04.03.2026/Knut Knapskog/Christen Soleim (avdelingsdirektør)